



Anders Kristoffersen stiller hestar til disposisjon. Dette bildet er teke i ridebana hans på Musland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Riding er ein ny aktivitet under friluftsdagen som blir arrangert ved Fjellandsbø søndag. For to år sidan var det eit tilsvarande arrangement på denne staden. Det er Anders Kristoffersen på Musland som stillar hestar til disposisjon og tek seg av ridinga.

Arrangementet startar alt laurdag, då Barnas Turlag etablerar ein indianarleir. Her blir det mykje moro for den yngre generasjon, til dømes skyting med pil og boge og maling med krigsmaling.

Under friluftsdagen som startar ved høgstdagsleite søndag er det eit mangfaldig tilbod. Sjølvsaugt blir det fiske, der sportsfiskarlaget stillar med utstyr til dei som ikkje har det. Og fangsten vil ein kunne eta på staden etter å ha steikt han på bålet!

Eit tilbod som var populært sist og som truleg blir det også denne gongen, er ein tyrolartravers, som går ut på å balansera i tau over ei kløft.

Fjellsportsgruppa skal demonstrera fjellklatring og dei som vil kan få testa seg som klatrarar.

Det blir også anledning til å padla på Fjellandsbøvatnet. Kvinnherad Turlag står for det heile i samarbeid med andre frilufsorganisasjonar. Prisen for deltakinga er 20 kroner pr. person og maksimalt 100 kroner for ein familie.

Aktivitetane høver for alle: Born, ungdom, vaksne, foreldre og besteforeldre, understrekar turlagleiar Anne Kari Enes.

Ho oppmodar dei som kjem om å ta med redningsvest og noko å steika. Deltakarane kan til dømes steika lappekake på bålpanna eller poppa popcorn på glørne.

Av Ola Matti Mathisen



Det blir tyrolartravers også i år, ved Steinar Haugland i idrettslaget si turgruppe.